




LINDÅS KOMMUNE

# KVALITETSUTVIKLING I GRUNNSKULEN

Kvalitetssamtale - skulebesøk

2017-2018



## LOVGRUNNLAG

1. Opplæringslova
  - § 13-10 Ansvarsomfang og årleg rapport om tilstanden
2. Forskrift til opplæringslova
  - § 2-1 Skulebasert vurdering
  - § 2-2 Rapportering frå kommunen og fylkeskommunen (system)

## BAKGRUNN:

Årlege kvalitetssamtaler/skulebesøk er eit ledd i arbeidet med vurdering av kvalitetsutviklinga på skulane i Lindås. Skulane og skuleeigar i Lindås skal stå fram som gode, lærande organisasjonar. I det legg vi at skuleeigar og skulane i fellesskap skal arbeide for at kvaliteten i grunnopplæringa skal verte best mogleg i høve til dei måla som er sett for grunnopplæringa. Lærande organisasjonar evner å skape gode resultat ved at dei har medvit/kunnskap om læringsarbeidet på skulen, i kommunen og kva resultat det gjev. Skulebesøka er eit møte der ein ønskjer dialog kring arbeidet på skulen og i kommunen. Eit godt møte mellom skuleeigar og skule er tufta på god førebuing av alle som tek del, gode prosessar i møtet og eit godt etterarbeid. Det vert laga eit referat frå skulebesøket som femner om resultat, vurderingar, nye mål og oppfølging (tiltak).

## MÅLSETTING:

Kvalitetssamtalene skal bidra til å styrke kommunen og skulane sitt arbeid med læringsmiljø og læringsresultat. Møta skal leggja føringar for det vidare arbeidet på skulen og i kommunen.

## RAMMER:

- Møtestad: Skulen
- Deltakarar: Leiing, plangruppa, einingsleiar og kommunalsjef eller rådgjevar Anita Mæland er med på heile møtet. To representantar frå elevrådet og ein-to repr. frå foreldrerådet er med frå kl.11:30-13:30.
- Tid: kl.10:00-11:00 Representantane frå kommunen observerer i klasser/grupper
- Lunsj
- kl.11:30-13:00 Møte der foreldra og elevar er med. Gjennomgang og drøfting med utgangspunkt i to tema
1. Læringsmiljø/skulemiljø og mobbing (Oppl.lov kap.9A)
  2. Vurdering og klasseleiing
- kl.13:30-13:45 Pause
- kl.13:45-15:30 Gjennomgang og drøfting med utgangspunkt i temaet: Læringsresultat for elevane

## FØREBUING OG GJENNOMFØRING

### FØREBUING

- Resultata frå gjennomført elev-, foreldre- og lærarundersøkinga, eventuelt ståstadsanalysen vert gjort kjent og drøfta blant både elevar, foreldre(FAU) og pedagogisk personale på førehand. Skuleeigar er spesielt interessert i å hæyra om tiltak som har verka godt og som ein vil halda fram med, og nye tiltak ein vil setja i verk og ordningar tiltak ein vurderer å avslutta/skifta ut.
- Læringsresultata og kartleggingsresultat frå obligatoriske prøvar/kartleggingar og eksamen vert vurdert i prosessar i personala .  
Publiserte og offentlege resultat finn de på [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) Ikkje offentlege resultat kan og bør også brukast i den interne vurderinga.
- Skulen/plangruppa fyller ut vedlagte skjema «Skulebasert vurdering» ut frå prosessane. Dette skjema skal sendast inn til einingsleiar/fagsjef før besøket

### GJENNOMFØRING TEMA 1: «LÆRINGSMILJØ/SKULEMILJØ OG MOBBING OPPLÆRINGSLOVA KAP: 9A»

Skuleeigar viser skulen sine resultat på elevundersøkinga når det gjeld læringsmiljø og mobbing på elektronisk tavle slik at alle ser det same. Samtale og spørsmål om resultata vi ser, skulen sine systemm og sterke/svake sider ved ordningar på skulen med eventuelle framlegg til tiltak.

Einingsleiar er møteleiar.

#### a) Elevmedverknad

- Elevane får uttale seg først til kvart spørsmål. Korleis opplever dei skulen i forhold til resultata på elevundersøkinga? Er det rett det som kjem fram? Kva system ordningar synest dei fungerer godt/treng forbetring? Kva kan dei gjere noko med? Kva ønskjer dei å gjere?

- Foreldremedverknad/FAU – Korleis opplever foreldre/FAU skulen på dei same områda. Ser foreldra det same som elevane? Ser dei andre sider? Fortel resultata noko som har konsekvensar for kva FAU vil arbeide med? Kva? Når?

- Dei tilsette/lærarane – Lærarane kompletterer bilete av skulen sine sterke svake sider og kva det må arbeidast vidare med ut frå eigen analyse og kva dei har høyrte frå elevar/foreldre.

Konklusjonar om tiltak i møtet.

Skuleeigar vil etterspørje:

- Skulen sitt system for systematisk arbeid for eit godt skulemiljø inkl. ordensreglement og rutine for å følgja aktivitetsplikta inkl. metode for oppfølging av saker
- Skulen sine erfaringar med tiltaksplanar
- Korleis arbeidet med involvering av elevar, foreldre, elevråd og rådsorgan har fungert

## GJENNOMFØRING TEMA 2: VURDERING OG KLASSELEIING

Skuleeigar viser **utdrag** av skulen sine resultat frå spørsmål i elevundersøkinga under overskriftene: Motivasjon, Støtte frå lærarane, Heim og skule, Arbeidsforhold og læring og Vurdering og klasseleiing. Framgangsmåte og rekkjefølgje som i tema 1. Elevar, foreldre/FAU og lærarane får gje si forståing av resultatata og kva dei tyder i forhold til sterke/svake sider ved lærings- og vurderingsarbeidet ved skulen og kva ein bør arbeida med vidare. Samtale og spørsmål. Konklusjonar om tiltak til slutt.

Skuleeigar vil etterspørje:

- a) Skulen/lærarane sitt systematiske arbeid med vurdering for læring. Årshjul, retningslinjer
- b) Status og erfaring med bruk av VismaFlyt

## GJENNOMFØRING TEMA 3: LÆRINGSRESULTAT FOR ELEVANE

### Hovudtema:

1. Lærarane og skulen si erfaring med og utbytte av arbeidet med å følgje opp resultatata på **nasjonal prøve lesing** 5.trinn i samsvar med rettleiinga frå UDIR om analysearbeid på skulen (jmf. tema i skuleleiarmøte 21.3.18).  
Kva har ein lært om elevane si læring/eiga undervisning og kva får det å seia for arbeidet i klasseromma opp kot enkeltelevar, klassar, skulen? Korleis skal dykkar skule arbeida for å få betre læringsresultat i Lindås?  
Skulen viser fram dei ulike analyserapportane dei har brukt som utgangspunkt for analysearbeidet på skulen.  
Lærar(ar) frå 5. trinn eller andre lærarar må gjerne vera med på gjennomgangen og samtalen.
2. Arbeidet med tidleg innsats. System og resultat
3. Valfri problemstilling frå skulen. **Send denne på førehand til einingsleiar og kommunalsjef.**

## DOKUMENTASJON

Kvalitetsrapport frå skulen vert skriven etter kvalitetsamtalen og inneheld konklusjonar og tiltak/plan for vidare arbeid. Overskriftene følgjer overskriftene i dette dokumentet.

KIS-rapport frå skulen skal vere eit vedlegg til kvalitetsrapporten

Rapporten skal skrivast av skulen, men i samarbeid med einingsleiar.

Kvalitetsrapportane frå skulane vert lagt til grunn for Tilstandsrapport 2018.

**PLAN FOR KVALITETSSAMTALER / SKULEBESØK VÅREN 2018:**

Månad	Skule	Dato
<b>Februar-April</b>	Vaksenopplæringa	8.-18.
<b>April</b>	Kløyvheim	4.
<b>April</b>	Leiknes	5.
<b>April</b>	Myking	22.
<b>April</b>	Ostereidet barneskule	11.
<b>April</b>	Knarvik barneskule	12.
<b>April</b>	Seim	19.